


Hordaland Fylkeskommune
hfk@hfk.no

Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus
Postboks 389
5751 Odda



Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjoner **Ferdigstilling av Sentralbadet Litteraturhus i Odda**

**Sentralbadet Litteraturhus skal ferdigstilla til eit folkets litteraturhus.
For at huset skal få bruksattest som forsamlingslokale og vere ein arbeidsplass er det
naudsynt å få på plass ventilasjonsanlegg.**

Trass manglande driftsmidlar til litteraturhuset i Odda sidan opninga i 2011, har litteraturhuset sakte men sikkert bygd seg opp og fått til ei bærekraftig drift basert på utallege dugnadstimar og mykje velvilje. Vi jobbar no med å sluttføre bygggearbeidet og tilretteleggje heile huset i tråd med gjeldande forskrifter: til lokale for arrangement, opplesingar, debattar, utstillingslokale, kontor/ klasserom og samlingsrom, med eigne toalett, trapper, lager og gangar / bakrom i 1. etg. til kontor for stab.

Vi har drive på midlertidig bruksløyve sidan 2011. Vi har no utført ein del av dei tiltaka som har hindra ferdigattest (takforsterking o.l.), men det største løftet gjenstår: å få på plass ventilasjonsanlegg. I alle rom som er renovert er ventilasjonsanlegget integrert i tak og gjort klart, men det er ikkje påkopla og det er ikkje installerert aggregat. Røyra ligg klare og må forlengast inn til teknisk rom, teknisk rom må lagast som eige branncelle og aggregat byggast på staden.

Det er tid for å ta det store løftet for Litteraturhuset i Odda. Sparebanken Vest har gjeve oss ei raus gáve som gjer at vi har tilsett vår første daglege leiar, han starter i august 2018. For at huset skal vere ein fullgod arbeidsplass og forsamlingsarena må aggregat installerast og ventilasjonsanlegg ferdigstilla.

Vi starta arbeidet med prosjekt ferdigstilling i 2016, som det 3. byggjetrinnet. I etterpåklokskapens namn burde vi kanskje delt det meir opp i fleire byggjetrinn, slik at ein kom i posisjon til å søke vidare tilskot til ulike tiltak, inkl. regionale kulturbygg. I møte med adm. har vi er likevel blitt oppmoda om å søke og tillét oss difor om å søke om tilskot til å få på plass ventilasjonsanlegg i bygget i 2019.

Med helsing
Ingvild Ystanes
Styreleiar, Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus

FØREMÅLET TIL STIFTINGA

«Stiftelsens formål er å formidle og stimulere til interesse for litteratur, lesing og offentlig ordskifte gjennom å etablere, eie og drive et litteraturhus i Odda.

Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturhus, som Litteratursymposium, seminar, debatter, opplesningskvelder, konserter, utstillinger, skrivekurs, skolebesøk, leirskole og lignende, inspirere til økt interesse for norsk og utenlandsk skjønn- og faglitteratur.

Stiftelsen skal gjennom litteraturhuset skape en møteplass som skal fremme interesse for litteratur og ordskifte, lokal industrihistorie, samt være en arena for alle kultur- og kunstuttrykk. Stiftelsen skal arbeide for å styrke lokalt samarbeid omkring aktiviteter knyttet til litteratur, kultur og industrihistorie, og være et senter for kompetansedeling og kompetanseheving i Odda».

BAKGRUNN/ HISTORIKK

I ei tid med omstettingsprosessar og konfliktar knytt til bruk og vern av dei gamle industriområda i Odda, har litteraturen vist seg å ha ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet. Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ein direkte konsekvens av, og vidareføring av, litteratursatsinga i Odda dei siste 15 åra, med Litteratursymposiet som motor. Ambisjonane er å vidareføre den litterære aktiviteten utanom dei fem dagane festivalen varer, gjennom heilårsdrift i Sentralbadet litteraturhus.

Det skal etablerast ein form for samarbeid om strategisk utvikling av det litterære Odda med kommunen. Ein velfungerande litteraturhus-organisasjon vil i større grad kunne støtte litteratursymposiet, og bidra inn i andre stadsutviklingsprosjekt, på vegne av eller i samarbeid med Odda kommune: utvikling av Lindeplassen, Kulturkartalet, litterært program, andre festivalar, Møteplass Odda, Kulturelle skulesekk, Røde busser..

Sentralbadet er eit av dei mest spennande verneverdige industribygga på Smelteverkstomta, sentralt plassert like innafor porten på Lindeplassen, mellom Smelt kafé og Lindehuset. Mulighetsstudie for Smelteverkstomta vender blikket mot dette området. Bydelen rundt Lindehuset er viktig i utviklinga av det moderne Odda. Vitensenteret held til i det gamle laboratoriet og Rockeklubben har sine lokale i portvaktbygget. Det er planar om etablering av isklatrevegg i nabohuset siloen, SINDARK er etablert ved, smia, Næringshagen i Odda og Studiesenteret flytta hausten 2015 inn til hovudlageret og fleire private aktører etablerer seg. Lindeplassen utviklar seg til å bli ein sentral samlingsstad og festplass for Det nye Odda.

Juni 2018 gjennomfører vi eit mindre byutviklingsprosjekt på Lindeplassen, i partnarskap med kommunen, bluesklubben, LO, og det øvrige miljøet rundt plassen.

STATUS PÅ BYGG

Vi starta arbeidet med prosjekt ferdigstilling i 2016, som det 3. byggjetrinnet. Sidan då, med god hjelp frå førre løvving frå HFK, reg. kulturygg (900 000,-) har vi laga kalkyler for rehabilitering av heile bygget, utarbeidd brannkonsept for bygget (har bare hatt for 1. etg tidlegare). Vi har investert i nytt kjøken godkjend av Mattilsynet, utbetra baren og bygd lager, ferdigstilt vamepumpeinvesteringa, installert lydanlegg med teleslynge i sal i 1. etg. - og i vinter: ferdigstilt B2 – den store salen i 2. etg., med loft og takforsterkingar, samt bygd kontor. I tillegg har vi, med hjelp av gåver og eigne midlar, utstyrt huset med møblement, AV, arrangementsutstyr m.m.



Vinteren 2018 har vi gjennomført renovering av B1 – sal i 2. etg. Salen har fått namn «Den røde sal», og sto ferdig til mai og konfirmasjonssesongen. Brukskapasiteten i huset er med dette nesten dobla.

Under arbeidet i vinter støtte vi på nokre hindringar som gjorde prosjektet meir omfattande: det vart funne absest i golvbelegget i salen og saneringsarbeidet vart meir omfattande enn planlags. Bedriftshelsetenesta utførde målingar i resten av bygget og konkluderte heldigvis med at det bare var linoleumsbelegget i salen som var asbesthaldig.

Sjå vedlegg for detaljart framstilling.

Frå tidlegare er store deler av 1. etg ferdig: byggteknisk og elektrisk, 3 wc, teknisk rom, ventilasjonsopplegg. Kontor, lager og bakre garderobe er under arbeid. Under bygginga vart det lagd stor vekt på den estetiske utforminga av bygget, og mange detaljer vart teke vare på og vidareførd, som terazzogolv, dusjanlegg og pissoir, dekorbord på vegg, gamle glas etc. Litteraturhuset i Odda skal ta vare på og vise fram nokre av byggets opprinnelige funksjonar og samtidig romme fasilitetane til eit moderne litteraturhus. Det er heile vegen tatt høgde for utvida bruk, med god kapasitet i hovudskap, for lys, lyd, fiber etc., og trekkerør/kanalar for vidareføring etter kvart som nye deler av bygget vert teke i bruk. Hovudskap er ikkje lukka. Alle publikumsrom er universelt utforma.

DRIFT

Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus eig og drifter litteraturhuset. Eit aktivt styre og venelag driv huset på dugnad, det siste året med arbeidande styreleiar i 40 % stilling.

F.o.m. 01.05.17 – 31.04.18 er styreleiar engasjert i 40 % stilling. Eigne inntekter/ oppsparte midlar frå drifta i 2016, og gåver frå Hordaland fylkeskommune og Sparebanken vest bidrog

til å dekke stillinga. Huset har per d.d. kun om lag 12 000 i faste driftstilskot frå kommunen, og har sine inntekter på utleige av lokale, med og utan vertskap, eigeinntekter på kafé, bar og boksal, med prosjekttilstskot til arrangement og aktivitetar.

Vi har fått skjenkeløyve., leiger lokalra oftare ut og tener betre pengar sjølve. Takka vere ei raus gavé frå Sparebanken Vest har vi no tilsett vår første daglege leiar, Joakim Sørå, som tek til i august i ei 40 % stilling. Det jobbast mot å få på plass ein stab med baransvarleg, dagleg leiar og styreleiar i inntil 100 % til saman. Saman skal vi klare å løfte huset over i ein ny fase.



Bingo i baren i 1. etg under Hardanger Spillfestival mars 2018.

ARRANGEMENTSARENA

Investeringar i bygget har gjort det mogleg å byggje opp arenaen. Sentralbadet framstår no som ein relativt velutstyrt arena, for arrangement, selskap og møte. Vi har fått hovudet over vatnet økonomisk, og ser no eit sterkt behov for å styrke den faglege sida ved huset. Vi har søkt Norsk Kulturråd om opphaldstøtte for gjestekurator for å profesjonalisere den kunstnariske profilen til huset. Mål er å etablere Sentralbadet som det Litteraturhuset det var meint til å vere. Vi deltek i fagleg nettverk for aktørar innan kunst og kultur i Hardanger, initiert av Harding Puls, der Hauge-senteret, kunstnarhuset Messen, Kabuso, Hardanger kunstlag m.fl. deltek.

* Minst eit eigeprodusert litterært arrangement per mnd. På sikt fleire.

* Huset blir no tilrettelagt til utstillingsarena. 4 utstillingar per år.

* Debatter og arena for offentlege ordskifte: Både eigne og med Hardanger Folkeblad-debatten o.a.

* Arena og vertskap for festivalar, som t.d. dei årlege arrangementa Litteratursymposiet i

Odda, Hardanger Musikkfest, Hardanger spillfestival, Jernrosa Politiske litteraturfestival, kunstmønstringa ODDArT, Quiz-cupen m.m.

- Arena og vertskap for opne enkelt-arrangement og seriar: t.d. Human-etisk Forbund sine opne møte og seremoniar, infomøte og samlingar i regi av kommunen, foreiningar og private.

SAMLINGSLOKALE

Vi ynskjer å etablere litteraturhuset som ein møteplass. Sentralbadet skal vere eit folkets litteraturhus, med kultur/underhaldning, debattarena, spelkveldar, opne møte. Det er mange miljø i Odda som treng samlast. Vi er i samtaler med Nerdheim, maker space-miljøet i Odda, som treng stad å vere. Trolltunga active ynskjer å leggje guidemøter til huset i sommarsesongen. I nabohuset har Iris scene og bluesklubben flytta inn, buldrerommet har opna, LO-huset skal opne og busstasjonen kjem om nokre år. Området er i vekst. Målet er å halde huset ope til faste tider fleire dagar i veka. Vi samarbeider nært med lag og organisasjonar, frivillige lag og organisasjonar, reiselivsbedrifter, naboen Iris scene/ Bluesklubben lokst utøve, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum og private aktørar.

Vi har fått skjenkeløyve og har bar ved alle arrangement og ved høve. Med ferdigstilt kjøken har potensialet for meir eigenproduksjon av mat og dermed betre eigeinntekter auka.

MØTELOKALE – SELSKAPSLOKALE

På sikt vil vi vere det foretrukne møtelokalet for små og mellomstore grupper i regionen, sentralt beliggende på Lindeplassen. Med kjøken og to etasjar tilgjengeleg kan vi i større grad tilby servering og bemanna vertskap ved møte og kurs, og dermed auka eigeinntektene monaleg. Huset er populært som selskapslokale, og vert nytta til konfirmasjon, dåp, bryllaup og minnestund.

VEGEN VIDARE

Sidan byggearbeidet starta i 2011 er det utført eit omfattande arbeid med dyktige håndverkarar og stor dognadsinnsats. Tida er inne til å fullføre prosjektet.

Vi har no ambisjonar om å fullføre prosjektet og byggje ferdig dei delane av huset som ikkje er restaurert. Det vil dobla arealbruken, og gje større fleksibilitet for arrangement og utleige. Det blir mogleg å ha parallelle arrangement oppe og nede, og bygget blir fleksibelt for ulike arrangement. Vi kan og lettare gå i dialog med potensielle leigetakararar om bruk av 2. etg, som kan ivareta formålet med bygget. Med heisen som kom på plass mellom etasjene hausten 2015 er det sikra universell tilkomst til heile bygget.

Vi jobbar kontinuerleg med søknader og har ambisjon om å vere ferdig innan utgangen av 2019.

I Sentralbadet skal det gamle og nye Odda møtas. Huset skal virke samlande på den allereie store litteraturaktiviteten og generere ny merksemd og ny aktivitet i regionen. Vi ynskjer å vere eit folkets Litteraturhus - eit hus som lokalbefolkinga har tilhørighet til.

Vedlegg

1. Oversikt over utgifter ventilasjonsanlegg
2. Budsjett ferdigstilling av litteraturhuset (rom detaljprisa) + og finansieringsplan
3. Tilbod frå GK ventilasjon
4. Teikningar av bygg

Andre vedlegg/ dok. kan ettersendast.